



Festivalen krev strenge tiltak for branntryggleiken. 8Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har no vedtatt branntryggleikstiltak under Festivalen og har sett ei rekkje strenge vilkår. Eitt av dei at det må vera minst sju rømningsveggar frå festivalområdet med tilsaman 30 meter breidde og breidda på desse vegane må ikkje vera mindre enn tre meter.

Utifrå kvart telt der fleire enn 10 personar oppheld seg må det vera minst to rømningsveggar a 1,2 meter for inntil 240 personar.

Rømningsvegane må vera opne eller kunne opnast med eit enkelt handgrep.

Det må plasserast tilstrekkeleg med sløkkjeapparat på strategiske og lett tilgjengelege stader, til døms ved scene, telt, lyd, bar og lager. Vaktane må vera klåre over plasseringa.

Rømningsvegane må vere merkt med naudlys med batterifunksjon eller så må vaktene ha lommelykter for å rettleie gjestene ved evakuering. Framkommelegheit for utrykningskøyretøy til og i området må vera sikra.

Det må utarbeidast ein detaljert instruks for kva oppgåver vaktane skal ha når det gjeld branntryggleiken, både førebyggjande oppgåver og dersom ein situasjon skulle oppstå.

På campingområdet må det vera oppslått branninstruks. Det må vera køyrbare vegar i dette området og campingeinheitane må plasserast med tre meters mellomrom på grunn av fære for brannsmitte.

Området må ha tilstrekkeleg sløkkjeutstyr og egna avfallsdunker for til dømes eingongsgrillar.

Området må også ha eige vakt- og tilsynspersonell.

Av Ola Matti mathisen